

Uskedelingen Tommy Røssland må gå ein ny runde i retten i saka om Skuteviksboder 9 i Bergen.

Nexi Bygg har no anka dommen der dei vart pålagt å kjøpa boden for 16,1 millionar kroner, melder Bergens Tidende.

Dagleg leiar i Nexi Bygg Rolf Nesheim seier til avisa at grunnen til anken er den sterke tvilen retten la til grunn. Retten meinte at Nexi Bygg hadde ein berettiga grunn til å prøve saka for domstolen.

No går saka til lagmannsretten og Røssland er ikkje overraska over anken.- Det er nok ein siste krampetrekning frå deira side. Eg er overbevist om at vi vinn fram også i neste instans, seier han

Ein rapport frå Multiconsult spelar ei rolle i saka. Nexi Bygg har hevda at rapporten, som inneheldt vesentleg informasjon, vart halden tilbake.Nexi Bygg hevdar å ha fått medhald i at hvis det kan førast bevis for at rapporten ikkje er lagt fram, ville dei ha fått medhald i tingretten.